



Fyresdal kommune
Sektor for kultur og oppvekst

Plan for mottak,
språkopplæring og integrering
av framandspråklege elevar

for

Gimle skule

Lovverk

Opplæringslova

Føremålet med denne planen

Rutinane skal legge til rette for fagleg og sosial utvikling og integrering av eleven og eit godt samarbeid mellom skulen, heimen og andre instansar.

Mottak av framandspråklege elevar - flyktningar

| Dette skal gjerast | Ansvar | Kommentar |
|---|---|--------------------------------------|
| Beskjed til skulen om at det kjem ny elev. | Kommunalsjef | |
| Skriftleg informasjon om ny elev frå IMDI. | Kommunalsjef | |
| Informerer stegleiar. | Rektor | |
| Informere kontaktlærar. | Stegleia | |
| Informere dei andre lærarane i klassa, på steget og på skulen. | Stegleiar | På stegmøte. |
| Informere klassa. | Kontaktlærar | |
| Arrangere møte med skulen før skulestart for elev og føresette. | Rektor i samarbeid med stegleiar og intergreringskoordinator. | Sjå lenger ned om innhald for møtet. |
| Arrangere velkomst i klassa. | Kontaktlærar | |

Språkopplæring av framandspråklege elevar

Opplæringslova

§ 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skule enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skule, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne

perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.

Det oppmodast sterkt av skulen at eleven lærer same type norsk som foreldra. På Telemark lys lærer alle bokmål.

| Dette skal gjerast | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|
| Kartlegge eleven sin dugleik i norsk når han/ho kjem til Gimle skule. Gje rektor beskjed om resultatet av kartlegginga. | Stegleiar Kan delegere til kontaktlærer, eller lærar med erfaring i språkopplæring av framandspråklege. | Verktøy som kan brukast: «Plasseringstesten», NAFO/UDIR si kartlegging. Når: I løpet av fyrste veka til eleven på skulen. |
| Vurdere om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. | Rektor i samarbeid med stegleiar. | |
| Fatte enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. Vedtak skal fattast også ved avslag om særskilt språkopplæring. | Rektor | Vedtaket skal som hovudregel gjelde eit skuleår om gongen. |
| Føre oversikt over elevane med vedtak om særskilt språkopplæring på Gimle skule. | Rektor | |
| Gjennomføre årleg kartlegging av eleven si språklege utvikling. Gje rektor beskjed om resultatet av kartlegginga. | Lærer med ansvar for språkopplæringa til eleven. <u>Verktøy:</u> «Plasseringstesten», NAFO/UDIR si kartlegging av språkkompetanse. | I april, før samarbeidsmøte med heimen. Kartlegginga er grunnlaget for neste skuleår sitt enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. |
| Informere heimen om eleven si språklege utvikling. | Kontaktlærer i samarbeid med lærar med ansvar for språkopplæringa til eleven. | På utviklingssamtaler ein gong i halvåret. |
| Fatte enkeltvedtak om særskilt språkopplæring for neste skuleår. | Rektor | Rektor informerer stegleiar, som syter for å gje beskjed vidare til kontaktlærer og norsklærer. |
| Når eleven har tilstrekkeleg dugleik til å fylgje den vanlege opplæringa i skulen, skal særskilt språkopplæring ta slutt. Rektor skal informerast om dette. | Lærer med ansvar for språkopplæringa. | Når det skjer, uansett når i skuleåret. Rektor fattar enkeltvedtak om at særskilt språkopplæring blir avslutta. |

Lenkjer:

[Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter](#)

[Kartleggingsmateriale frå NAFO/UDIR](#)

Integrering av framandspråklege elevar

| Dette skal gjerast | Ansvar | Kommentar |
|---|-----------------------------------|--|
| Samarbeidsmøte mellom heimen og skulen. | Rektor i samarbeid med stegleiar. | Omlag ein måned etter eleven har starta på skulen, kallar rektor inn til eit samarbeidsmøte. Tema: Korleis har starten gått for skulen? Korleis har starten gått for heimen? Behov for vidare samarbeidsmøte avklarast. <i>Desse møter:</i> Rektor, stegleiar, integreringskoordinator og føresette. Rektor skriv referat frå møtet, som arkiverast. |
| Samarbeidsmøte mellom heimen og skulen. | Rektor i samarbeid med stegleiar. | Desse opprettast ved behov, i tillegg til ordinære utviklingssamtaler og foreldremøte. Rektor i samarbeid med stegleiar avgjer kven som møter. |
| Fadderordning | Kontaktlærer | Nye framandspråklege elevar får tildelt ein fadder. Kontaktlærer avtalar konkrete oppgåver for fadderer saman med han/ho. Det kan vera fleire fadderar som delar på oppgåvene kring eine elev. Sjå døme på oppgåver for fadderar under. Kontaktlærer har ansvar for å følgje opp fadderordninga og eventuelt justere/avvikle når det ikkje lenger er naudsynt. |

Døme på oppgåver for fadderar:

- Ha eit særskilt ansvar for å ta i mot eleven om morgonen
- Syte for at den nye eleven blir kjent på skulen, t.d. ta med på ei eller fleire omvisingar
- Gå saman med eleven til gymsalen/samfunnshuset etc.
- Site saman med eleven i klasserommet
- Hjelp til med å finne fram rett bøkar og rett side i timen
- Inkludere i leiken t.d. minst to gonger om dagen
- Ta fylgje ut av klasserommet til garderobe/friminutt minst to gonger om dagen
- Lære opp i populære leikar (denne oppgåva passar det best at to eller fleire har saman)
- Vente på etter gymmen og slå fylgje tilbake til skulen

- Ete saman med t.d. i kantina, om det er ungdomsskulelev

Det er viktig at ein fadder ikkje får for mange oppgåver. Bør ikkje ha meir enn 2-3 oppgåver av gongen.

Sjekkliste ved skulestart

| Kva som skal gjerast: | Kven som har ansvar: | Når det skal gjerast: |
|--|---|--|
| Foreldra og eleven møter rektor, stegleiar, kontaktlærer, klassa og eventuelt andre tilsette eleven kjem til å ha mykje kontakt med. | Rektor | På møtet før skulestart |
| Foreldra og eleven får ei omvising på skulen. | Rektor | På møtet før skulestart |
| Informere om rett til språkopplæring. Foreldra avgjer opplæringsspråket. | Rektor | På møtet før skulestart |
| Informere om forventingar til foreldre og elevar i norsk skule. | Rektor | På møtet før skulestart |
| Besøk i klassa | Stegleiar/kontaktlærer | På møtet før skulestart |
| Få bilde av alle elevane i klassa med namn. | Stegleiar/kontaktlærer | På møtet før skulestart |
| Informere om rett til fritak frå aktivitetar på religiøst grunnlag. | Rektor | På møtet før skulestart. |
| Praktiske opplysningar om skuledagen for det steget eleven skal begynne på. | Stegleiar | På møtet før skulestart. <u>Døme:</u> opplysningsark, matpakke/kantine, gymtøy/badetøy, innesko, garderobe, mjølkeordning, karakterar, frukt og liknande. |
| Informere om trivselsreglane til foreldra. | Rektor i samarbeid med integreringskoordinatoren. | På møtet før skulestart/i løpet av fyrste skuleveke. |
| Informere om/søke SFO | Rektor i samarbeid med integreringskoordinatoren. | På møtet før skulestart/i løpet av fyrste skuleveke. |
| Informere om trivselsreglane til eleven. | Kontaktlærer | Fyrste skuledag/veke |
| Eleven blir kjent med timeplanen | Kontaktlærer | Fyrste skuledag |
| Foreldra blir kjent med timeplanen | Rektor syter for at Telemark lys får ein kopi. TL går gjennom med foreldra. | Fyrste skuleveke |

Nokre forventningar til elevar i norsk skule:

| |
|---|
| Koma tidsnok til skulen. |
| Rette seg etter beskjedar. |
| Delta i gym/fysisk aktivitet/bading, skifte og dusje etterpå. Kroppsøving er eit fag i norsk skule. |
| Det er vanleg å lære å symje. |
| Lekser skal gjerast. |
| Det er viktig med eigen innsats. |
| Det er viktig at foreldre stiller på møter dei blir kalla inn til og sjølve tek kontakt med skulen ved behov. |
| Foreldre må halde seg oppdatert på beskjedar og underskrifter. |
| Foreldre fylgjer godt med på skulegangen til eleven. |
| Deltaking av elevane på turar i regi av skulen er obligatorisk (t.d. skileikdag, topptur etc.) |
| Skulen får beskjed frå heimen, dersom ein elev ikkje kjem på skulen. (Mobilskule) |